

SISTE INDRE

Himmelfart

Av Elisabeth Tisthamar

Himmelfart.

Ja det er litt rart,
at han plutselig "fordufta",
han forsvann i "lause lufta".

Men han hadde det forutsagt.
Det var nøye planlagt:
"Det er til gagn for dykk at eg går bort."
Jesus hadde noko han skulle ha gjort.

Han gjekk bort for å stelle istand,
ein stad i "eit anna land"
Ein plass der vi kan være,
ja ein plass for alle hans kjære.

Og når staden er "ferdigstilt",
ja det er nesten heilt vilt:
Då kjem han i skya igjen!
Då er det greit å være Jesu venn

Før Jesus i skya forsvann,
han lovte oss ein annan talsmann:
Sanningsanden vitner om Jesus og hans makt,
og minner oss om alt Jesus har sagt:

Før Jesus forsvann han sa desse orda:
"De skal vere vitner til endane av jorda."
For å utføre dette oppdrag,
er det godt å ha Heilaganden på lag.

Så når vi minnes Jesu himmelfart,
skal vi få tru at han kjem snart.
Kan du på dette spørsmål gje svar?
Er du rede? Er du klar?

Vi er gode nyheter

Liv og evangelium

I bedehusland har forkynnelsen av lov og evangelium preget mange møter og bibeltimer, spesielt i tidligere tider. Forskjellen på de to hovedbegrepene er enkelt forstått slik at loven er alt i Guds Ord som krever noe av oss, og evangeliet er at Gud krevde av Jesus at han gav seg selv for å kunne gi frelse og nytt liv til oss mennesker.

Nylig møtte jeg i en artikkel ordparet liv og evangelium, noe som har gitt meg noen refleksjoner i det siste.

Romerbrevets 12. kapittel har «Det kristne livet» som overskrift i mange bibeloversettelser. Paulus setter raskt i dette kapittelet en målsetting for oss som tror om at vi må leve i en forvandling ved at sinnet fornyes. Videre bruker Paulus to kjente, kristne begrep for å si hvordan forvandlingen av vårt sinn kan skje. Det første stikkordet han trekker inn er nådegaver. Bibelen lærer oss at nådegaver er gudgitte forutsetninger for å tjene i Guds rike som vi verken har fortjent, blitt kursa i eller har gått i lære for å beherske. Nådegaver er som svennebrev. Ånden gir uten at vi må gjennom studier eller læretid først. Likevel kan det for noen av oss ta litt tid før vi finner helt ut av hva som er vår(e) nådegave(r), og da er det å gå inn i tjeneste og leve nær på andre kristne en viktig faktor for å finne sin utrustning. Kanskje du kan ta nådegavetest på namunorge.no/tester/

Hovedbegrepet i det siste avsnittet i romerbrevet 12 er kjærlighet. Gud er kjærlighet, sier Bibelen. Kjærlighet er en frukt som den hellige Ånd vil skal vokse fram i alle troende

sine liv, ifølge Gal 5,22. Alt som lever, spirer og gror, har sine årstider og sesonger. Men alt handler om at det som lever skal være fruktbart og gi grøde. Vi som følger Jesus er frelst av nåde. Frelsen er fullbrakt. Vår vekst og modning som troende i helliggjørelse og Åndens frukt, skal vare livet ut. Det er et prosjekt, med Ånden som prosjektleder og gartner, som aldri avsluttes mens vi er her på jord.

Vi har vært fokusert i vår bevegelse på lov og evangelium, og det ønsker vi å være fortsatt. Loven avslører vår totale hjelpeløshet, vi trenger en redningsmann for å bli frelst. Evangeliet forteller at Jesus gjorde alt for oss. Frelsen er ferdig. Vår åndelige hjelpeløshet i frelsesspørsmål og den eneste som kan hjelpe, Jesus, må forkynnes. I våre forsamlinger og for oss som tro er det også viktig å forkynne det kristne livet. Enhver kristen sin gaid og følgesvenn gjennom livet har et oppdrag og en agenda. Den må vi kristne kjenne til. Derfor lærer romerbrevet 12 oss at det å finne sin nådegaveutrustning og la seg bli bearbejda av Ånden for at frukter skal vokse fram, er en viktig del av Guds plan for å lede oss på sin vei, kunne tjene i Guds rike og bli prega av himmelske verdier. Jeg tror faktisk at et sunt og bibelsk fokus på det kristne livet vil gjøre noe med oss som tror slik at mennesker rundt oss da kan smake og kjenne at Gud er god.



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjølnhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Ester Frantzen Aarsland 975 78 627

Kretsleiar
Torgeir Lauvås
Tlf 971 71 745

Kretsstyreleder
Egil Vigdel
Tlf 464 11 819

Bankgironr.
8220.02.80101

v:pps # 21841

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 4 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Torgeir Lauvås
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjølnhusvegen70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
Tove Braut 51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Tove Braut Tlf. 951 00 842

Uendra oppdrag

Før Jesus vart tatt opp til himmelen, seier han til disiplane, Luk 24,46-48 : «Messias skal lida og stå opp frå dei døde tredje dagen. Og i hans namn skal omvendning og tilgjeving for syndene forkynnast for alle folkeslag; de skal byrja i Jerusalem. De er vitne om dette». I Ag.gj. 1,8 er det uttrykt slik: «De skal vera mine vitne i Jerusalem, og heile Judea, i Samaria og heilt til enden av jorda». Både i Lukas og i Ap.gj. gir Jesus i same stunda som oppdraget, ein viktig og avgjerande lovnad: «De skal få kraft når Den Heilage Ande kjem over dykk». Dette går i oppfylgning på Pinsedag, 9 dagar etter Kristi Himmelfartsdag.

Vi legg merke til ordet «vitne». De er mine vitne, seier Jesus, - altså om hans død og oppstode, om omvendning og tilgjeving for syndene. Disiplane kunne ikkje i seg sjølve makte dette. Dei var både tvilande og usikre, slik også vi kan kjenne det. I Johs 14-16 hadde Jesus tidlegare forklart kven Den Heilage Ande er, og kva gjerning han skal gjere. Han er Talsmann, Trøystar, Hjelpar, han skal overtyde om synd, herleggjere Jesus. Han skal vere hos oss og i oss.

Den Heilage Ande gjer også det under at den oppstadne Jesus er i ord og sakrament, at evangeliet er kraft til frelse for kvar den som trur. Og kristne forsamlingar blir tempel for Den Heilage Ande. 1.Kor 3,16. Det kan vere vanskeleg eller utfordrande å vitne. Ofte kan vi berre be og vente. Spesielt tøft er det dersom ein opplever motstand eller angrep mot kristen lære og etikk. Då er det nyttig å lese om dei første kristne. Dei ville lyde Gud meir enn menneske. Dei visste kven Jesus var. Der fanst den einaste sjanse til frelse for kvart menneske, - skapt i Guds bilete og elska av han! Oppdraget Jesus gav, er uendra! Evangeliet sitt såkorn skal bli sådd i alle slags «jord» og gje frukt i si tid. Det som av og til kan sjå smått ut for oss, er stort i Guds auge. Vi kan kjenne på åndeleg mørke og avmakt, personleg og i kristent arbeid. La oss då hugse at lovnaden om Den Heilage Ande si gjerning gjeld i dag, for oss og i oss! «Kom, hellig Ånd med skapermakt, opprett hva synd har ødelagt, og glede i hvert hjerte gi, som du har født til evig liv!»



Jan Roald Dahlstrøm

De er mine vitne, seier Jesus

Koronatid og misjonsøkonomi

Rekneskapan ut april for Imf-Rogaland viser eit underskot på 468 000kr. Dette er om lag som på same tid i 2020. Men vi ligg litt etter budsjettet for dette året som viser eit underskot på 397 000 pr 30. april.

Vi håper nå på ein tilnærma normal arbeidshaut med mindre smitteverntiltak. Og at dette skal hjelpe kretsen til å halda budsjettet for heile 2021 som har eit underskot på 250 000.

Hjarteleg takk til alle som støtter opp om arbeidet gjennom fast gjevarteneste, kollektar, drive in basar og andre arrangement.

På Ognatun har det vore stille månader og det merkast på økonomien. Ved utgangen av mars hadde Ognatun eit driftsunderskot på 562 000 mot 252 000 i underskot på same



tid i fjor. For drifta på Ognatun vil det bli søkt om økonomisk støtte i fleire støtteordningar på grunn av koronsituasjonen. Vi håper og trur at desse støtteordningane, god aktivitet utover hausten og ein god Ognatunbasar skal føra til at Ognatun kjem seg gjennom dei økonomiske utfordringar koronasituasjonen

medfører. Hjarteleg takk for all økonomisk støtte og omtanke også for leirstaden vår.

For kretsstyret, Terje Slettebø, administrasjonsleiar.

FULL UTRUSTNING MED

Strategi og tiltaksplan for ImF Rogaland 2021-2024

Vårt mål er at alle kristne i alle våre forsamlinger blir fullt utrusta til liv og tjeneste for Jesus Kristus og grunnfestes med glede i Guds sannhet for å kunne disippelgjøre i Åndens kraft.

ImF Rogaland er til for de lokale forsamlinger og fellesskap som er tilslutta oss. Vi vil hjelpe til med forkynnelse av Guds Ord og støtte lokalt indremisjonsarbeid ved å utruste og istandsette ledere til å tjene i sin forsamling og i sitt nærmiljø. Vi vil framover gi opplæring, frimodighet og fora der ledere får vokse, modnes og frigjøres til å lede og til selv å utruste nye ledere. Å vokse som kristen skjer i Jesu nærhet. Bibel, bønn, fellesskapet med andre som tror og det å dele evangeliet er de viktige faktorene.

Bli sterke i Herren, i hans veldige kraft! Ta på Guds fulle rustning, så dere kan stå dere mot djevelens listige knep. For vår kamp er ikke mot kjøtt og blod, men mot makter og åndskrefter, mot verdens herskere i dette mørket, mot ondskapens åndehær i himmelrommet. Ta derfor på Guds fulle



rustning, så dere kan gjøre motstand på den onde dag og bli stående etter å ha overvunnet alt. Stå da fast! Spenn sannhetens belte rundt livet og kle dere i rettferdighetens brynje, stå klar med fredens evangelium som sko på føttene. Hold alltid troens skjold høyt! Med det kan dere slukke

alle den ondes brennende piler. Ta imot frelsens hjelm og Åndens sverd, som er Guds ord. Gjør dette i bønn, og legg alt fram for Gud! Be alltid i Ånden! Våk og hold ut i bønn for alle de hellige.

Efeserbrevet 6, 10-18

GUDS FULLE RUSTNING

FOKUSOMRÅDE

SANNHETENS BELTE



FORMÅL

Guds Ord er sannhet. Sannheten setter mennesker fri. Det bibelske verdensbildet setter alt i det rette perspektiv.

TILTAK

Guds Ord og sannhet:

- Tilby forkynnere (21-24)
- Hjelpe ledere til sunn selvforståelse og mulighet til modning og vekst gjennom regionale ledergrupper (22-24)
- Mentornettverk (21-24)

Nåden alene:

- Forkynnerutrustning gjennom fagdag hvert halvår (21-24)
- Liste over forkynnere (21-24)

Gå derfor ut:

- Bistå til lokale Alphakurs (21-24)
- Sirkel D (22-24)

Troen alene:

- Kretsen arrangerer en årlig trosforsvarskonferanse (23-24)
- Forkynnere kursen i trosforsvar (23-24)

Det eneste navn til frelse:

- Vi vil møte alle lokale ledere og styrer og snakke om UT-fokuset. (22-23)

Ånden og Ordet sammen:

- Vi vil tilby retreat for å være nær Jesus i stillhet og lytte til hans Ord og Åndens ledelse (21-24)
- Årlig forum for åndelig lederskap i forsamlingene (22-24)

Bedehusfellesskap og bønn:

- Etablere nettverk av bønnegrupper (23-24)
- Utruste forbedere (21-24)

RETTFERDIGHETENS BRYNJE



Jesus tok vår skyld og straff. Det er mulig for mennesker å bli kvitt synd og skyld. Han kan gi oss sin renhet og sin rettferdighet.

EVANGELIETS SKO



Verdens beste budskap trenger føtter og sko. Det må videre. Budskapet har forvandlingskraft og skal formidles av dem som kjenner Jesus.

TROENS SKJOLD



Det er god grunn til å tro Guds ord. Troen har ankerfeste i noe troverdig. Grunnlaget for vår tro skal undervises. Profetiene i GT og NTs dokumentasjon må knyttes sammen.

FRELSENS HJELM



Hjelmen beskytter hodet. Vår identitet blir helt ny når vi blir født på ny. Vi er gått fra mørke og til lys, vi er blitt Guds barn. Hver den som påkaller Jesu navn skal bli frelst.

ÅNDENS SVERD



Sverdet er rustningens våpen. Åndens sverd er Guds Ord. Når Ånden og Ordet får fritt spillerom, blir Bibelen tredimensjonal og Jesus blir synlig og nydelig. Sverdet er samtidig både levende og tveegget.

BE TIL ENHVER TID



Bønn er en bærebjelke i alt arbeid i Guds rike. Bønn åpner stengte dører. Bønn setter oss i direktekontakt med himmelens redningssentral.

Misjonær utan papir!

Tathe Zokoza er driven av ein sterk brann for Jesus. Ho opplever ho er blitt leia av Gud til Norge. Det var ein stor overgang for Tathe å koma frå Kongo til Norge i august 2003. Ho hugsar første morgonen i Oslo då ho kom ut på gata; -Eg fekk sjokk når eg såg alle folka som gjekk så fort i gatene og lurte på om det var krig. Når folk spring slik i Kongo, tyder det krig og at ein må springe frå ein fare som ein hadde bak seg. Min medhjelpar forklara meg at det var folk som stressa på veg til jobb for å nå tog eller buss.

► Av Terje Slettebø

Betre planlegging

Tathe minnest at ho sa at dette kunne ho ikkje forstå, - dei burde stått opp tidlegare og planlagt betre. Du kjem til å forstå når du har budd i Norge i nokre år, var svaret. Nå må Tathe innrømme, med eit smil, at ho er blitt prega av dette stresset ho også.

Andre kristne

Etter to månader i Oslo gjekk turen for Tathe Zokoza med tog til Bryne, og vidare til Hå mottak på Nærland. Ho hadde gitt beskjed til UDI at ho var kristen og måtte få koma til ein plass der det var ei kristen forsamling, der ho kunne få fellesskap og prisa Gud saman med andre kristne. På mottaket møtte ho ei anna kristen dame frå Kongo og ho møtte Jorunn Tjemslund. Desse tre hadde bønnemøte og takka Gud for at Tathe hadde fått møtt andre kristne, og vegen til ei kristen forsamling var kort.

Opna stengde dører

-Første helga tok Jorunn Tjemslund meg med på Alphaweekend til Sirdal med Bryne Frikirke. Her vart eg kjent med andre kristne som vart min kristne familie og mine venner. Eg måtte takka Gud som hadde forberedt alt. Før eg reiste frå Kongo hadde eg fått ordet i Jes. 45. 1-2 om at Gud ville opna stengde dører, smiler Tathe, og legg til. I Sirdal var det kaldt, men Jorunn Tjemslund kom med ullteppe og ullsokkar.

Mentor

I Bryne frikirke fekk ho også Oddvar Søvik som mentor, og opplevde at han tok seg av henne på ein god måte i den første tida i Norge. Ho sakna både sin pastor i Afrika og



barna sine som på dette tidspunkt oppheld seg i Uganda.

Bønnemøte

Tathe hadde ein brann i seg til å leva for Jesus og oppleva fellesskap med andre kristne. Ho starta bønnegruppe på rommet sitt. Men det vart snart forlite, men dei fekk då lov å bruka stova på mottaket til bønnemøte.

Kristen familie

Tate Zokoza har vore 18 år i Norge og er nå busett på Bryne. Brannen for Jesus og kristent fellesskap merkar vi er sterk og ekte. Med sin bakgrunn frå Kongo og sin brann for Jesus har Tathe Zokoza gjort seg nokre refleksjonar rundt det å vera kristen i

Norge. Det ho saknar aller mest er at kristne som deler fellesskapet på gudstenester på søndagen, også er ein kristen familie mellom gudstenestene. -Når ein møter andre i forsamlinga på gata blir det fort eit hei, kjekt å sjå deg, i full fart. Men ein har ikkje tid til å koma nær (før Koronaen) og snakke om korleis ein har det. Korleis skal eg kunna få be om hjelp og kanskje forbøn for noko vanskeleg når ingen har tid til å stoppe opp, kome nær, og lytte?, spør Tathe med ettertanke. -Vi treng Kristus sin nærleik og fellesskap prega av Jesus også mellom gudstenestene, legg ho sterkt trykk på.

Smitteeffekt

Ho fortel at dette la dei stor vekt på i Kongo

og dette at dei tok seg av kvarandre hadde ein positiv smitteeffekt på dei ikkje kristne. Tathe trur ein viktig grunn til at vi i Norge legg så lite vekt på det kristne fellesskapet utanom gudstenestene, har sin grunn i det norske stressnivået. Vi skal nå over så mykje og tida strekk ikkje til!

Nærleik mellom kristne

Tathe minner oss om Ap.gj 2 der disiplane delte alt. Ho oppfordrar til å ha fokus på at som frelste menneske er vi kristne brør og systre i Kristus. Ho lengtar etter ein nærleik mellom kristne også utanfor kyrkja; -Fellesskapet i nattverden må også fylgja oss i livet vi lever i kvardagen. Som einskildpersonar treng vi alle å bli sett og akseptert. Kristen nestekjærleik i praksis er det beste middel mot at folk skal falle utanfor eit fellesskap. Den kristne kjærleiken er ikkje prat med munnen men handling, seier ho.

Ikkje klage

Gjennom tida i Norge har også Tathe lagt merke til at her skal folk vera sterke og ikkje klage. Difor er det ikkje lett for folk med ulike behov for hjelp og omsorg å koma til kyrkja og bli sett og finne nokon som vil hjelpe.

Vær stolt


Om sin eigen situasjon seier ho at ho opplever seg som ein misjonær, men er ikkje utsendt av nokon forsamling eller organisasjon. Difor ser ho på seg sjølv som misjonær utan papir. For Tathe Zokoza er det viktig å bli leia av Gud, og ho har eit ynskje om å få leve i Guds plan. Hi har ei klar oppfordring til alle kristne; -Vær stolt av å vera ein kristen! Vi må ikkje skjule vår identitet i Kristus. Vær lys og salt. Lyset må ikkje skjulast og saltet må tilsetjast maten (kristen i kvardagen) skal det gjera sin nytte. Og husk, Jesus er med oss alle dagar til evig tid, og ein dag hentar han oss heim til seg, avsluttar Tathe.

”-Fellesskapet i nattverden må også fylgja oss i livet vi lever i kvardagen. Som einskildpersonar treng vi alle å bli sett og akseptert. Kristen nestekjærleik i praksis er det beste middel mot at folk skal falle utanfor eit fellesskap. Den kristne kjærleiken er ikkje prat med munnen men handling.”

Vi søker vennefamilie!

Vi får frå tid til anna kontakt med innvandrarfamiliar som ynskjer seg ein norsk vennefamilie. Å ha ein vennefamilie vil vera til hjelp for å forstå det norske samfunn og kultur og for integrering i forsamlingar og andre aktivitetar.

Det å bli kjent over nye kulturgrenser er ein stor rikdom for alle. Ynskjer din familie å vera til disposisjon som vennefamilie til nokon som kjem nye til landet vårt, då vil vi i ImF-Rogaland gjerne høyre frå deg, tlf. 51 79 38 80 eller mail: rogaland@imf.no. Så tek vi kontakt når vi får kontakt med ein aktuell familie.



VELKOMMEN TIL CAMP OGNATUN!

28. - 31. juli
Alder: 15 - 23 år
Påmelding på Checkin

Mer informasjon på vårt FB arrangement:
UL 2021 Camp Ognatun

Mentoring

-åpenhet og tillit som forvandler liv

“Hvis du ikke stopper nå, så kommer du mest sannsynlig til å gå på en skikkelig smell. Jo lenger du venter, jo lenger vil det gå før du kommer deg tilbake igjen”.

► Av Ester Frantzen Aarsland

Det var mentoren min som sa disse tydelige og brutale ordene. Jeg var sliten, nedkjørt og rådvill. Han kjente meg godt, og han så faretegnene lenge før jeg gjorde det. Han så hvor sliten jeg var da jeg selv ikke klarte å se det, og han visste hvor det ville lede meg, hvis jeg ikke gjorde noe drastisk.

Det ble vendepunktet for meg. Etter bare 7 måneder som leder i ungdomsarbeid, måtte jeg gjøre det utenkelige. Jeg sykemeldte meg, trappet ned og sluttet som ansatt i ungdomsarbeidet. Det var både skuffende og ydmykende å ta dette valget, men i kjølvannet av det, så gikk jeg mange verdifulle runder der jeg lærte mye. Jeg lærte blant annet at jeg stilte for høye krav og forventninger til meg selv, og jeg innså at jeg la ansvaret for ungdomsarbeidet på meg selv, istedenfor på Gud.

Jeg hadde i mange år ønsket meg en mentor der jeg bodde, men siden jeg ikke visste hvem jeg kunne spørre, hadde jeg istedenfor god kontakt gjennom videochat med en mann som hadde fungert som mentor for meg tidligere: Håvard Heines. Noe av det viktigste han gjorde, var å heie på meg. “Du er gull!, avsluttet han nesten hvem samtale med. Og det var ikke bare noe han sa: han viste det med alt han sa og gjorde. Han hadde stor tro på meg, og derfor fikk jeg også tro på meg.

Hadde det ikke vært for Håvard, så hadde det nok skjedd som han sa: jeg hadde gått på en smell. Heldigvis hadde jeg gitt Håvard denne posisjonen i mitt liv: Håvard stod nært nok til å se det som skjedde, og jeg hadde såpass stor respekt og tillit til ham at jeg lyttet når han snakket.

Da jeg som 22-åring fant mannen som jeg nå har vært gift med i 8 år, så fant vi fort en felles hjertebrann: å utruste par til å leve i rene, gudfryktige forhold preget av respekt og ubetinget kjærlighet. Allerede som kjærester begynte vi mer eller mindre bevisst en slags spontan “dobbeldate parveiledningstjeneste”. Vi inviterte unge par på dobbeldate, og gjennom åpen og ærlig samtale delte vi om egne erfaringer på godt og ondt. Vi



Ester og Aslak.

oppmuntret, inspirerte og utfordret dem til å leve i respekt, renhet og ubetinget kjærlighet til hverandre. Dette var noe av det kjekkeste vi gjorde. Vi fikk se at flere fikk inspirasjonen de trengte til å leve gudfryktig som kjærester, og det ledet også til ærlige og sårbare samtaler som ble viktig og oppmuntrende for parene. Det var så meningsfylt, spesielt når jeg visste betydningen dette kunne ha. For den fikk jeg selv erfaring, fem år tidligere. Gjennom mange timers samtaler fikk jeg og min daværende kjæreste stor hjelp og glede av å snakke med vår ungdomsleder, og det ble avgjørende for kursen i vårt forhold.

Mine egne erfaringer, både som mentor og “mentee”, har gjort at det å ha mentor(er) har blitt en viktig prioritering i livet mitt. Og selv om jeg nå er tobarnsmor, og ikke lenger en “kul ungdomsleder”, så får jeg lov til å være en stemme inn i flere ungdommers liv. Jeg ser på det som noe av det viktigste jeg gjør. Relasjoner tar tid, men relasjoner forandrer liv. Ikke bare ved å avverge farer, men mest av alt ved å være en støtte, en oppmuntrer og en veileder gjennom hverdagens små og store utfordringer og valg. Noen som sier at de har tro på deg, helt til du selv får tro på deg.

Å ha et mentorpar kan være en stor støtte i forholdet. Å leve i et samliv handler om så mye mer enn å få det til å fungere og holde

ut: det handler om å sette den andre først, og vise Guds kjærlighet til hverandre og andre gjennom forholdet. Parmentoring hjelper oss til å ikke slå oss til ro der man er, men å stadig søke etter en dypere og mer ubetinget kjærlighet til hverandre.

Vi trenger alle å ha en “Håvard” i livet vårt: en som er nær nok til å se det når vi er på feil kurs, og som vi har nok respekt og tillit til, så vi faktisk lytter når de snakker.

Vi investerer i det vi verdsetter. DU er verdifull. Ditt parforhold/ekteskap er verdifullt.

Ønsker du en mentor? Ønsker du og din kjæreste/ektefelle et mentorpar? Ta kontakt med RKM

RKM
ROGALAND KRISTNE MENTORNETTVERK

Rogaland Kristne Mentornettverk ønsker å legge til rette for at flest mulig kan ha noen å snakke med, noen som kan gi hjelp og støtte på veien nærmere Jesus. Nettverket består av mentorer spredt over hele Rogaland og fra ulike kirkesammenhenger

GLIMT FRÅ OGNATUN



Anita i nyinnreda studia som ofte blir brukt i Koronatida.



Gapahuken tek form.



Kretsstyret øverst på tomta til Ognatun. Fv: Sofie Braut, Inger Klungland Tynning, Egil Vigdel, Edel Refve Hauge, Reidar Røiland, Geir Inge Byberg, Kari Helen Garheim, Tarald Gudmestad og Torgeir Lauvås.



Bilete frå Marknadsdag.



Neste lederkonferanse i ImF er 5.-7. november 2021 på Straume.

Nettside med program og diverse info blir klar til 15. juni.
<http://leder-konferanse.no/>

Lars Stensland, forsamlingsleder Vedavågen bedehusforsamling

Han opplevde sist lederkonferanse kjempepositivt. Det han husker best er inspirasjonen ved å vera i lag og oppleva det flotte fellesskapet.

Kvifor bør folk reisa på konferansen i november?

-For å kjenna på fellesskapet og inspirasjonen det gjev. Men også å få med seg undervisning på aktuelle seminar. Det er aktuelt enten ein er pastor, med i barnarbeid eller leder for mindre grupper.

Svein Risdal, Riska

"Lederkonferanse har gitt meg mange gode opplevelser. Godt fellesskap, treffe nye og gamle kjente, lærerike og gode seminar. Vi starter dagen med bibeltid og avslutter dagen med gode møte med fantastisk lovsang. Jeg gleder meg spesielt til årets konferanse. Endelig flere store møter og mange gode seminar."



Straume Forum



Lars Stensland



Svein Risdal, Riska

**Er du leder?
Bli med på
lederkonferanse!**

BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Koronsituasjonen i landet vårt.
- Ognatunbasaren
- Sommarleirane på Ognatun
- UL-camp på Ognatun
- Retreat på Ognatun

Takke for:

- Mentornettverket RKM
- Lyngdal og Bygland Bibelcamp
- Ognatunstyret
- Kretsstyret
- Lokale styrer og kontaktpersonar

Ognatunkafe

Tysdag 5. okt. kl 11.00-14.00

Tysdag 9. nov kl 11.00-14.00

Ta med familie og venner til ein hyggeleg lunch på Ognatun!



Mulbadaw Farm på 56 000 dekar i Hanangdistriktet i Tanzania

Matsikrings- og vannforsyningsprosjekt drevet med økonomisk støtte og kunnskap fra misjonsvenner i Norge gjennom SHV.

(Stiftelsen Haydoms Venner)

Se mer på www.mulbadaw.com

Årsmøtet
som var satt til
20. april er utsatt til 14. sept

ImF-kveld

Taler:
Andreas
Evensen

Tirsdag
14. sept
kl 17.30 på
Ognatun

Program:
17.00 Registrering
17.30 Lovsang
17.45 Undervisning
18.15 Årsmøte og mat

 **imf Rogaland**
**Årsmøte &
kveldsmat**

Kollekt til
ImF
Rogaland

Grude Gartneri
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon


Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger
51 97 29 00

Le Service A S
Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø
4362 Vigrestad
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916


Haaland Tynnplate AS
Skogateigen 28
4362 Vigrestad
tynnplate.no

 **Bryne Rør A/S**
VARME & BAD

Pål Hatteland AS
Entreprenør
Mob 99278710


BRYNE REGNSKAP

Tlf 975 25 110
Post@bryne-regnskap.no
www.bryne-regnskap.no

**GRUDE
BYGG**
Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50
NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

 **din trafikkskole**
Tlf.: 464 22 022

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning

NETTREGNSKAP OG RÅDGIVNING, TLF. 51 97 29 00, WWW.NETTREGNSKAP.NO 

Haugstad Eiendom AS
Postboks 37
4369 Vigrestad

WALDELAND MASKIN




• Grusarbeid
• Transport
• Graving
• Grottpukk
• Landbruk
• Traktor
• Pressing av rundbæller
• Vintervedtøilhold
• Broyting og streng
Tlf: 90 79 61 44

JG MASKIN

Jan-Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 69, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

BYGLAND BIBEL OG NATURCAMP FOR 19. GONG!

Sommaren 2003 inviterte dåverande rektor Ommund Tveit til sin første bibel- og naturcamp på KVS Bygland. Det vart for fleire av oss startskotet på ein god tradisjon kvar einaste sommar ei veke i byrjinga av juli månad.

► Tekst og foto: Olav Nilsen

Så og sommaren 2021, då godtfolk samlast på KVS Bygland frå 4.-11.juli - enkelte berre for nokre dagar, men mange for ei heil veke med bibeltimar, barnemøte, bønne møte og kveldsmøte. Men som namnet tilseier legg me og



til rette for utflukter i Guds frie natur, og her har Skaparen vore sær s gåvmild då han tok ferda nedover til Setesdal og Bygland!

Men det viktigaste er at budskapet om Jesus lyder varmt og klart i alt som skjer, og at Han har lova å vera midt i blant oss der to eller tre er samla i hans namn.

Årets talar på kveldsmøta er Asle Hetlebakke. Han skulle vera godt kjent etter årelang teneste i misjonen, men på Bygland er han eit nytt fjes. Det same var bibeltimelhaldaren Roald Evensen då han for første gong dukka opp i fjor, men han hadde så mykje godt å dela at me omgåande inviterte han på nytt.

Borna og ungdomen må og nemnast. I fjor var ein tredjedel av deltakarane under 15 år, og då er det viktig å gje dei og det aller beste.

For påmelding, ring til 982 99711, eller send ein mail til: kbnilsen@hotmail.com

Sjå og heimesida www.bibelognaturcamp.no

Velkomen til store og små!

Ognatunbasaren 30. sept.
Kl. 19.00

Andakt: Torgeir Lauvås
Sang av: Bjerkreim syngjande kameratar



Matsalg Åresalg Hovudtrekning



RETREATLEDER:
GEIR OTTO HOLMÅS

RETREAT PÅ OGNATUN

For ansatte og frivillige i bedehusforsamlinger og organisasjoner

20.-23. SEPTEMBER
2021
PÅMELDING:
IMFROGALAND.NO